

Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen - møterom 367, Fylkeshuset
Dato: 20.08.2014
Tidspunkt: 11:00-16:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Nævdal	Medlem	A
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torill Helland	Helge Nævdal	A
Wenche Tislevoll	Eli Årdal Berland	H
Inge Reidar Kallevåg	Iiril Schau Johansen	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Statens vegvesen
Kaisa Banne	Statens vegvesen

Sakliste

Utvals- Innhald

Arkiv-

U.Off.

saknr		saknr
PS 69/14	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 70/14	Godkjenning av møtebok forrige møte	
PS 71/14	Referatsaker (Meldingar)	
RS 67/14	Tidstap- og kostnadsauke for bussar i kø.	2014/240
RS 68/14	Haukanesberget - spørsmål om tilleggsarbeid	2014/989
RS 69/14	Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem - Oppfølging av fylkesordførarens svar i fylkesutvalet 30.01.2014	2014/10767
RS 70/14	Svar på spørsmål om vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)	2014/17306
RS 71/14	Kontantfri kollektivtrafikk	2014/18941
RS 72/14	Vedk. kontraktar med Bergen-Nordhordaland Rutelag	2014/16861
RS 73/14	Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 Melding til samferdselsutvalet - A jour 12.08.2014	2014/1017
RS 74/14	Status om innfartsparkeringsprosjektet	2014/15211
RS 75/14	Regionalt bompengeselskap i Hordaland	2014/13939
RS 76/14	Utløysing av opsjon - kontraktforlenging	2014/16816
RS 77/14	Svar på spørsmål tiltak langs Garnesvegen Fv 276	2014/11292
RS 78/14	Prosjekt nye ferjeanbod	2014/19309
RS 79/14	Fv 7 Lussandberget - ny utlysing	2014/13969
RS 80/14	Utgreiing av CO2 utslepp	2014/240
RS 81/14	Dueskit på Bystasjonen - Svar på oversendingsforslag	2014/19040
RS 82/14	Nytt togmateriell på lokalstrekninga Bergen-Myrdal	2014/240
RS 83/14	Revisjon av RTP handlingsprogram - orientering	2014/64
RS 84/14	Orientering om markeringa av Europeisk mobilitetsveke 2014	2014/18737
RS 85/14	Osterøy bruselskap AS - nedbetaling av gjeld og avvikling av selskapet	2014/15932
RS 86/14	Oversikt over kjelder for luftforureining i Bergen - Tiltak for å betre luftforureininga på kort sikt Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet	2014/17695
RS 87/14	Spørsmål om oppgradering av Fv 314 Bergsdalen - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet	2014/14882
RS 88/14	Spørsmål om oppgradering av Fv 314 Bergsdalen - Svar på oversendingsforslag	2014/14882
RS 89/14	Innmeldingsteneste for manglar på vegnettet	2014/11292
RS 90/14	Utanomrettslig forlik av sak 12-166644TVI-BBYR/02 Krav om drivstoffkompensasjon	2014/16861 X
PS 72/14	Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta - fylkeskommunal eigendel	2014/43
PS 73/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048
PS 74/14	Høyringsuttale - forslag til forskrift om krav til bruk av betalingseining i motorvogner	2014/17734
PS 75/14	Høyringsuttale - nytt parkeringsregelverk for offentleg og privat parkering	2014/17233

PS 69/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 70/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Vedtak

Møteboka frå møte den 4. juni 2014 vart godkjent.

PS 71/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

RS/67 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber om at administrasjonen lagar prognosar for køkostnadane som kollektivtrafikken har i Bergensregionen.

Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/71 **Alf Helge Greaker** stilte spørsmål om departementet har respondert på brevet frå NHO om kontantfri kollektivtransport.

Frå Skyss vart det opplyst at det så langt ikkje har kome nye signal frå departementet.

RS/72 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber administrasjonen gjere greie for kva avtalar som er gjort med BNR for å sikre seg mot risiko for bortfall av transport og økonomisk tap.

Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/75 **Atle Kvåle** gav uttrykk for at dei som kan påverka beslutningstakarane i denne saka må arbeida aktivt for at eitt av bompengeselskapa vert lagt til Hordaland.

RS/76 **Pål Kårbø** stilte spørsmål om kva kriteria som vert lagt til grunn ved vurdering av opsjonar.

Frå Skyss vart det opplyst at fylgjande 3 kriteria vert lagt til grunn:

- Økonomien i anbodet
- Kvaliteten i anbodet
- Kapasitet i Skyss sin organisasjon.

RS/78 **Anne-Line Innvær** sette fram fylgjande forslag.

1. Ein ber om at det vert innarbeida mogelegheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 (Aksdal-Os) som grunnlag for prosjektet.
2. Ein ber om at avklaring om kontraktstype kjem som eiga sak fyrst i prosessen.

Røysting

Forslaget frå Anne-Line Innvær pkt 1 vart vedteke mot 4 røyster (FRP, V, H (Silja Ekeland Bjørkly)).
Forslaget frå Anne-Line Innvær pkt 2 vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, V).

RS/80 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

Statens vegvesen svarar at dei ikkje vil berekne nyskapt CO2 utslepp i Bergensdalen.
SV ber administrasjonen ta initiativ til ei analyse av nyskapt utslepp av CO2 i Bergensdalen når trafikken etter prognosane kan auke til 15 000 ÅDT.

Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/82 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber om at HfK tek kontakt med jernbaneverket for å få ny omformastasjon i Arna inn i Handlingsprogrammets første del.

Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/83 **Einar Lutro** stilte fylgjande spørsmål.

Vil fylkesrådmannen i samband med revisjon av RTP-handlingsprogram vurdere ei mindre utbetring av flaskehalsar på Fv 550 Odda-Utne. Spesielt ved Rogdaberg/Kråkevik.

RS/84 **Alf Helge Greaker** etterlyste tiltak for den Europeiske Trolleybusdagen.

RS/86 **Silja Ekeland Bjørkly** hadde fylgjande tilleggsspørsmål til meldinga.

1. Ber om nye oppdaterte tal over kjelder til luftforureining i Bergen.
2. Er desse kjeldene konstante, eller varierar det med årstider og temperatur? Korleis fordeler kjeldene seg på dagar med såkalla inversjon?
3. Trafikk utgjer den aller største kjelda til forureining, er det mogeleg å svara på kor stor del av desse dieselskjøretøy står for, og er det mogeleg å seia noko om fordelingen mellom privatbilismen og tungtrafikken?

RS/87 **Tom Skauge** sette fram protokollmerknad.

SV beklagar at SVV ikkje ser verdien av å betre standarden på vegen i Bergsdalen for å ha betre beredskap for omkjøring ved stenging av E16.

RS 67/14 Tidstap- og kostnadsauke for bussar i kø.

RS 68/14 Haukanesberget - spørsmål om tilleggsarbeid

RS 69/14 Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem - Oppfølging av fylkesordførarens svar i fylkesutvalet 30.01.2014

RS 70/14 Svar på spørsmål om vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)

RS 71/14 Kontantfri kollektivtrafikk

RS 72/14 Vedk. kontraktar med Bergen-Nordhordaland Rutelag

RS 73/14 Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 Melding til samferdselsutvalet - A jour 12.08.2014

RS 74/14 Status om innfartsparkeringsprosjektet

RS 75/14 Regionalt bompengeselskap i Hordaland

RS 76/14 Utløysing av opsjon - kontraktforlenging

RS 77/14 Svar på spørsmål tiltak langs Garnesvegen Fv 276

RS 78/14 Prosjekt nye ferjeanbod

RS 79/14 Fv 7 Lussandberget - ny utlysing

RS 80/14 Utgreiing av CO2 utslepp

RS 81/14 Dueskit på Bystasjonen - Svar på oversendingsforslag

RS 82/14 Nytt togmateriell på lokalstrekninga Bergen-Myrdal

RS 83/14 Revisjon av RTP handlingsprogram - orientering

RS 84/14 Orientering om markeringa av Europeisk mobilitetsveke 2014

RS 85/14 Osterøy bruselskap AS - nedbetaling av gjeld og avvikling av selskapet

RS 86/14 Oversikt over kjelder for luftforureining i Bergen - Tiltak for å betre luftforureininga på kort sikt Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

RS 87/14 Spørsmål om oppgradering av Fv 314 Bergsdalen - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

RS 88/14 Spørsmål om oppgradering av Fv 314 Bergsdalen - Svar på oversendingsforslag

RS 89/14 Innmeldingsteneste for manglar på vegnettet

RS 90/14 Utanomrettslig forlik av sak 12-166644TVI-BBYR/02 Krav om drivstoffkompensasjon

PS 72/14 Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta - fylkeskommunal eigendel

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 420 000 til eigendel i KID-ordninga for 2014.

Stad	Art	Tekst	Kr
10 720 20000	14900	Til rådvelde for fylkesutvalet/tilleggsøyvingar	- 420 000

10 300 25000	370010198	Kjøp frå andre	+420 000
--------------	-----------	----------------	----------

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 420 000 til eigendel i KID-ordninga for 2014.

Stad	Art	Tekst	Kr
10 720 20000	14900	Til rådvelde for fylkesutvalet/tilleggsøyvingar	- 420 000
10 300 25000	370010198	Kjøp frå andre	+420 000

PS 73/14 Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

Røysting

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett.

PS 74/14 Høyringsuttale - forslag til forskrift om krav til bruk av betalingseining i motorvogner

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaget til «Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner» og den føreslegne endringa i forskrifta «Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter».

PS 75/14 Høyringsuttale - nytt parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i «Klimaplan for Hordaland» om at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el - og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag om tillegg til pkt 4.

I den samanheng finn fylkesutvalet det ikkje rett å avgrensa denne plikta til 6% av plassane slik det er gjort i §35.

Tom Skauge sette fram forslag om nytt pkt i innstillinga.

Fylkesutvalet ber om at det i endelig regelverk vert innarbeidd normer for å tilby parkering for sykklar og motorsykklar i byområde i P-anlegg for bil.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til tillegg til pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i «Klimaplan for Hordaland» om at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el - og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy. I den samanheng finn fylkesutvalet det ikkje rett å avgrensa denne plikta til 6% av plassane slik det er gjort i §35
5. Fylkesutvalet ber om at det i endelig regelverk vert innarbeidd normer for å tilby parkering for sykklar

og motorsyklar i byområde i P-anlegg for bil.

PS 76/14 Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane

Forslag til innstilling

Kultur- og ressursutvalet støtter Statens vegvesen si tilråding om at ny Sotrabrua ikkje vert dimensjonert for bybane, men at denne må gå på eigen bru når den blir bygd til Straume i framtida.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Atle Kvåle sette på vegne av A, SP, SV, V fram forslag til ny innstilling

Kultur- og ressursutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 7 røyster.
Atle Kvåle sitt forslag til innstilling fekk 7 røyster (A, SP, SV, V) og fall.

Innstilling

Kultur- og ressursutvalet støtter Statens vegvesen si tilråding om at ny Sotrabrua ikkje vert dimensjonert for bybane, men at denne må gå på eigen bru når den blir bygd til Straume i framtida.

PS 77/14 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

ORIENTERINGAR

Skiltplanarbeidet i Hordaland, orientering om regelverk og praksis ved Tore Bergundshaugen og Jostein Vandaskog frå Statens vegvesen. I orienteringa vart det opplyst at ein vil leggja opp til å revidera visningslister og vegnr på fylkesvegar i fylket. Orienteringa vart etterfylgt av spørsmål og innspel frå utvalet.

Status og utviklingstrekk for elektriske bussar. Innlegg ved Per Gunnar Andersson, VD/Executive Vice President i Trivektor Traffic. Det vart orientert om alternative bussteknologiar og utviklingstrekk og erfaringar med el-bussar i Europa.

Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta

Det vart orientert om fylgjande saker:

- Sommarrutene har fungert godt m.o.t kapasitet.
- Det har vore eit avvik på bybana i samband med at køyreledninga vart rive ned.
- Omleggjinga/styrking av rutene i samband med Tall Ships Race. Kostnad ca 3,0 mill kr og ca 1,0 mill kr i ekstra inntekter.
- Fyrste sommar med nye båtruter har gått godt.
- Ferjedrifta har fungert tilfredstillande med nokre avvik i Sunnhordland/Hardanger pga motorhavari.
- Endringane i rutetilbodet frå haustrutene.
- Marknadskampanjar.

YMSE

Tom Skauge sette fram fylgjande spørsmål

Ulykkesrapportar

Haugesunds Avis har offentliggjort ulykkesrapporten fra dødsulykka ved Ådland Bru 28 februar i fjor. Det kjem fram viktige opplysningar i rapporten som SAMU ikkje har vore kjent med.

På vegne av SV ber eg om at denne og tilsvarende rapportar blir lagt fram som sak i SAMU på første møte.

Vi ber om at administrasjonen prioriterer dei ulykkene der rapportane peikar på feil ved drift, vedlikehold, konstruksjon eller andre forhold som veghaldar skal ha ansvar for.

Eit siktemål må vera å betra veghaldar og fylkeskommunen si rapportering og planarbeid for trafikksikring i framtida.

Frå utvalet si side var haldninga at dette i fyrste rekkje er ei sak for FTU, og at saka difor vert teke opp til drøfting der.

Hardangerbrua – trafikksvikt

Fleire aviser har dei siste dagene meldt om trafikksvikt på Hardangerbrua i forhold til prognosane som var lagt til grunn.

Styreleiar i bompengeselskapet Hardangerbrua AS, Einar Lutro, er i Aftenposten nett 8.8.14 sitert på at «trafikken året sett under eitt vil hamna på noko over 80 prosent av omfanget som blei knytt til Stortingets vedtak. - Kanskje noko over 83 prosent».

Øyvind Halleraker (H), som var saksordfører for Hardangerbrua på Stortinget, seier til Aftenposten at lågare trafikk kan tvinga fram auka bompengesatsar eller forlenga nedbetalingstid. «- Trafikken er avgjørende for økonomien. Bompengesatser kan økes med inntil 20 prosent. Er heller ikke det nok må man se på andre tiltak, som å omstrukturere hele låneporteføljen», seier Halleraker til avisa.

1. Kva følgjer kan trafikktala få for brukarne av brua i form av auka bompengar eller lengre nedbetalingstid?
2. Kva tiltak er aktuelle for endra finansiering?
3. Har sviktande trafikk følgjer for HfKs garantiar til prosjektet?
4. Vil SAMU få eiga sak med oppdatert informasjon og forslag til vidare tiltak?

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Trolleybussens framtid

Det har vore brei semje om å bevare og vurdere å utvida trolleybussnettet i Bergen. I mellomtida blir kompetansen som er nødvendig for å drifta dei elektriske bussane svekka.

1. Kva vil Rådmannen gjera for å sikra at ikkje Trolleybussen manglar teknisk kompetanse for å sikra forsvarlig drift i haust?
2. Kva er status for å vurdere om Trolleybussorganisasjonen kan bli lagt til Bybanen sin organisasjon?

Det vert gjeve svar i saka om trolleybuss på neste møte i utvalet.

Kollektivtilskuddet til Hordaland redusert

Stortinget vedtok 18 juni Kommuneproposisjonen som gjev kraftig omfordeling av rammetilskottet for mange av fylkeskommunane. Hordaland skal miste 125 millionar kroner. Frå administrasjonen heiter det:

Det er særleg innanfor delområdet buss/bane Hordaland kjem dårleg ut. Det ser ut for at det er bortfallet av den tidlegare storbyfaktoren som slår negativt ut. I tillegg slår kriteriet «innbyggjarar pr. km offentleg

veg» negativt ut for Hordaland. Utrekningane viser at Hordaland fylkeskommune tapar 124 mill. kr på denne omlegginga.

I følge det nye inntektssystemet er Hordaland sitt utgiftsbehov til buss/banekriteriet 12% lågare enn gjennomsnittet (indeks 0,88084). Etter fylkesrådmannen si mening, er kriteriet buss/bane ikkje treffsikkert nok når eit av dei største kollektivfylka i landet, som Hordaland, har lågare utgiftsbehov enn gjennomsnittet. Det same er tilfelle for Rogaland, medan Oslo har eit utrekna utgiftsbehov som er 67% høgare enn gjennomsnittet.

1. Kva følgjer får dette nedtrekket for kollektivtilbodet i Hordaland?
2. Kan bortfallet setja planen om ei takstzone for Hordaland i fare?
3. Kva kan fylket gjera for å få Regjeringa og Stortinget til å endra sitt vedtak?

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Atle Kvåle har sett fram fylgjande spørsmål

Røyking på terminalar

Vil SKYSS innføre tilsvarande forbod mot røyking som Jernbaneverket på buss - og bybanestopp? I tobakkskadelovens paragraf 12 heiter det bl.a fylgjande: " I lokaler og transportmidler hvor allmennheten har adgang skal lufta vera røykfri.

Forventar at Skyss har den same offensive holdning her som Jernbaneverket har.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Jondalstunnelen

1. På vegstrekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen er det ein flaumbekk som fell i fritt fall i vegen. På same punkt er det ein svært skarp sving.

Når forventar ein at dette blir utbetra?

2. Det er ikkje mobildekning i Jondalstunellen. Når ein ser på tilsvarande tunnelar av nyare dato vert mobilband installert.

Når kan ein forventa at dette kjem på plass i Jondalstunnelen?

Olav Finne opplyste at problemet med flaumbekken vert utbetra i løpet av komande haust. Finne opplyste vidare om at det er Telenor, som nettansvarleg, som har ansvar for å sikra mobilnett i tunnelane. Det er dialog mellom SVV og Telenor om dette, men det er uvisst når Jondalstunnelen får mobildekning.

I tilknytning til dette stilte **Stein Inge Ryssdal** spørsmål om DAB-dekninga i tunnelar.

Olav Finne orienterte om at tunnelar som vert tilrettelagt for det digitale naudnettet også vert tilrettelagt for DAB.

Alf Helge Greaker har sett fram fylgjande spørsmål

Opne kollektivdata

Internasjonale, nettbaserte kart-tenester som Google maps blir brukt som reiseplanleggar av nettbrukarar, og karta viser korleis ein kan komme seg frå ein destinasjon til ein annan med bil, til fots eller med kollektivtransport. Det siste gjeld diverre berre i nokre få norske byar som til dømes Trondheim, Stavanger og Oslo-området (#Ruter). Ruter skriver på nettsidene om korleis Google maps kan nyttast som reiseplanleggar for kollektivbrukarar: «Når du søker veibeskrivelse for en rute som inkluderer offentlig kommunikasjon i Oslo-området, får du muligheten til å velge alternativet "offentlig

kommunikasjon" som reisemåte. Da guider Google deg til nærmeste trikke-, T-bane- eller busstasjon og neste avgang.». Dette fungerer og på mobiltelefonar.

For at dette skal fungere, er dei som produserer karttenesta avhengige av opne trafikkdata frå dei som forvaltar kollektivtilbodet. I Hordaland og Bergen er slike data ikkje opne og tilgjengelege, noko som gjer at populære nettkart ikkje syner Skyss sitt tilbod, og brukarane får ikkje informasjon om korleis reise kollektivt. Det er svært synd, særleg med tanke på at utenlandske brukarar har begrensa nytte av Skyss sine heimesider der mange destinasjonar ikkje er tilgjengelig på engelsk.

Gule sider sine karttenester, kor Skyss sine ruter er implementert, har heller ikkje utenlandske brukarar som si målgruppe.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Einar Lutro stilte spørsmål om status for eigarskap og drift av veglys og synte til ei konkret sak frå Ullensvang. Korleis går grendalag o.a. fram for å få veglys på fylkesveger.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Wenche Tislevoll synte til at det tidvis oppstår situasjonar på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg der ein misser ferja sjølv om ein har kome fram til kaien før ferja har gått. Ein må uansett billettera i billettbus sjølv om dette ikkje er i samsvar med gjeldande billettinstruks. Ber om at HFK tek dette opp med SVV/Fjord1.

Administrasjonen vil fylgja opp dette.

Gustav Bahus stilte fylgjande spørsmål.

Fotgjengarfelt på Steinsvikvegen.

Dette er ein fylkesvei som det er 60 km/t på. Det finst ikkje fotgjengarfelt over denne vegen og veldig mange barn(!), unge og voksne spring over vegen kvar dag. Dette gjer de for å nå busstoppet som er på andre sida av vegen eller for å bruke badestranda, naust eller småbåthamna. Spesielt på sommaren er det veldig mange barn som spring over vegen for å bada. Det har vore mange nestenkollisjonar her og mange bilistar held dessverre mykje høgare fart enn 60 km/t.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Ferjeanbod Austevoll.

Bahus synte til brev frå Austevoll kommune og næringslivet i kommunen, der ein ber om at det ikkje vert nytta opsjon i nogjeldande ferjeanbod, og ba om at Skyss vurderte dette.

Støy frå gassfylling på Halhjem

Det vart synt til at folk som bur i nærleiken av ferjekaien på Halhjem framleis er plaga med støy frå gassfyllinga. Ba om at administrasjonen på nytt ser på denne saka.

Administrasjonen vil fylgja opp dette.

Vegutbetring på Holmalio på Tysnes

Stilte spørsmål om status for denne saka.

Olav Finne orienterte om at Holmali-prosjektet ikkje er redusert i forhold til planlagt. Ein har fått 6 mill kr til utbetring av punkt på strekinga. Dei vurderingane som ligg til grunn ved val av utbetringpunkt er gjort ut frå trafikktryggleik og økonomi. Ein har prøvt å få mest mogeleg ut av dei tildelte midlane, og meiner no at sikt og passasjeforhold vil bli betre.

Neste møte i samu

Leiaren orienterte om neste møte den 16.-17. september, der ein startar med eit seminar om innfartsparkering der medlemmane er kollektivt påmelde.

Belønningsordninga – auka budsjettråmer

Håkon Rasmussen orienterte om møte med departementet om fordelinga av dei auka midlane. Frå HFK si side vart det bedt om 25 mill kr av den samla potten. Midlane er tenkt nytta til oppgradering av haldeplassar til universell utforming og sanntidssystem.